
Fra: mads Leonard holvik <madsholvik@hotmail.com>
Sendt: mandag 24. april 2017 22.17
Til: Postmottak Meland
Emne: Bekymringsmelding om forsøpling i området ved miljøstasjon

Til den det måtte angå

Eg har observert mykje boss i nærleiken av Miljøstasjonen på Mjåtveit. Her kastar enkelte frå seg soppelsekkar med boss, og det bles og dett av når bilar kjem med boss-lass når miljøstasjonen er open. Eg plukka mange sekkar med boss på nedsida av hovudvegen i dette området. Kven sitt ansvar er det å halde det ryddig i området i nærleiken av miljøstasjonen?

Å halde det reint og rydding i kommunen vår er eit framifrå tiltak for helsa og velveret til innbyggjarane våre og heilt nødvendig for dyreliv og for naturen. Men eg lurer på om det er privatpersonar som meg sitt ansvar å rydde, mellom anna i området rundt miljøstasjonen. Vil kommunen gjere tiltak slik at det blir halde ryddig?

Beste helsing
Mads Leonard Holvik
Mjåtveitmarka 36 D
5918 Frekhaug
Tlf. 90655079